

betraktning, slik at mange av dem som ønsker å være yrkesaktive, kan få bistand til å oppnå dette. Det er kartlagt at mange av de funksjonshemmede som ikke var i arbeid i 2. kvartal 2010, ønsket seg et arbeid. Det utgjør 24 prosent eller om lag 78 000. Av disse var det 20 000 som fylte kravene for å bli definerte som arbeidsledige, viser en rapport som SSB har laget.

Grue Service er en suksessbedrift i så måte. De har klart å skape arbeidsplasser for mennesker med utviklingshemning, som har meningsfulle dager på jobb. Men, det er ikke slik at alle med nedsett arbeids- evne eller utviklingshemning er like heldige som arbeidstakerne i Grue Service. Mange i denne arbeids- takergruppen opplever nemlig det motsatte, de blir

tiltaks plasser som i sitt alternativt budsjet for 2010. Det utgjør en styrking på om lag 9100 plasser i forhold til dagens praksis tiltalesnivå. Vi mener at det er viktig å endre hemning nærmest automatisk stenges ute fra det ordinære arbeidsmarkedet, og at retten til arbeids- evnevurdering også må bli en teell rett for denne gruppen. Fremskrittpartiet har foreslått en økning på 5000 plasser, hvorav 2500 plasser er merket VTA- plasser i sitt alternativt statsbudsjett for 2011.

Med reduksjon av antall tiltaksplasser slik regjeringen legger opp til, mister mange et tilbud om å få en mulighet til å få utprøvd sin arbeidsevne. De som allerede er på tiltak mister muligheten til å få fortsette,

politikerne må sørge for å få karriagt behovet. Hun stter i en regjering som reduserer antall tiltaksplasser betydelig, og som ikke vil åpne opp for midlertidig tilsetning av mennesker med funksjons- nedsettelse. Med dette har regjeringen med SV sagt, at de ikke tar disse utfordringene på alvor, og at det ikke er en sammenheng mellom det som blir sagt og det som blir gjort.

PER ROAR BREDVOLD
Storingsrepresentant
Fremskrittpartiets Stovingsgruppe

Ein til sjokolade?

Blir du irritert når du høyrer nokon seie "kan eg få ein til sjokolade" eller "kan eg få eitt til kakestykke"? Du meiner kanskje dette er bannespråk. Men i Bergen og mange andre stader kan ein t.d. høyre kassapersonalet på butikken spørje høflig "ein til pose?" på klingande dialekt, og det er ingen som reagerer.

Det er fleire dialektar som tallet konstruksjonen "ein til sjokolade" i staden for "ein sjokolade til", som er standardnorsk, og som dei fleste meiner må vere det korrekte. Eg pratar sjølv ein nordnorsk variant der eg i utgangspunktet ville kunne bruke denne konstruksjonen. Sånn sett høyrer eg ikkje nødvendigvis til dei som blir irriterte av å høyre andre variantar av norsk. Eg seier jo t.d. også "ka du sei" i staden for "kva seier du". Men dette er vanleg i så pass mange dialektar at folk flest med eit meir standardalemail ikkje reagerer på det lengre.

For meg som språkforskar er det meir interessant å prøve å forstå korfor ein avvikande språkvariant eventuelt oppstår. I den samanhangen er det ikkje usannsynleg at ein ny variant i utgangspunktet er såkalla "barnespråk". Kvart barn lærer morsmålet sitt på grunnlag av det det høyrer rundt seg, av konkrete ytringar, og hjernen si evne til å analysere dette i forhold til ein mogleg grammatikk.

Ordet "til" høyrer i utgangspunktet til ordklassen preposisjon. Preposisjonar står vanlegvis ikkje aleine; dei tek utfyllingar, t.d. til fjells, til månen, til deg og meg. Men i enkelte uttrykk mistar utfyllinga etter kvart dei

konkrete innhaldet og forsvinn til slutt heilt. Då vil preposisjonen kunne stå igjen aleine og bli ein såkalla partikkel (småord). Vil har mange faste uttrykk med slike preposisjonspartiklar, t.d. stå på, ta av, høyre til, henge i. Utfyllinga som har blitt borte etter "ein til", er kanskje noko sånt som "den eg har/hadde frå før". Dette er eventuelt "i tillegg til den eg har/hadde frå før". Dette er så pass sjølvsagt i situasjonen at ein ikkje treng å seie det. Det ser ut til at ordet "til" overtek meiningssinn- haldet til "i tillegg". I standardispråket kan ein seie "ein sjokolade til" eller berre "ein til". Då er det ein vil ha, meir eller mindre underforstått eller tydeleg i situasjonen. Sjokoladen eller kaka er jo gjeme rett fram- for den som vil ha meir av det same.

Det kan no vere to gode grunnar til at sjokoladen hamnar bak ordet "til". For det første kunne ein tenkje seg ein konstruksjon "eg vil ha ein til, sjokolade (altså)", t.d. dersom det er fleire ting å velje imellom. I tilfelle det skulle vere usikkerheit om kva ein vil ha meir av, kan ein jo berre henge det ein ønskjer, på slutten av setninga for å vere sikker. Denne typen setning ville då etter kvart kunne bli analysert som ein grammatisk konstruksjon av barn som lagar sin indre grammatikk på grunnlag av språk dei høyrer. Dette passar elles med det grammatisk- ke fæktum at ein preposisjon ("til") vanlegvis alltid blir følgt av ei utfylling.

Ei anna moglegheit er at ein tolkar innhaldet i ordet "til" til å bli "i tillegg" eller berre "meir". Ordet "meir" er ikkje ein preposisjon, men eit mengdeord (såkalla

kvantor). Preposisjonar og mengdeord oppfører seg ulikt i ei setning. Mens preposisjonar vanlegvis aldri kan stå mellom ein artikkel ("ein") og eit substantiv ("sjokolade"), er det nettopp på denne plassen ein finn kvantorar, som t.d. "stor" og "liten". Det heiter "ein stor/liten sjokolade" og ikkje "ein sjokolade stor/liten". Og utan artikkel heiter det "meir/mindre sjokolade" og ikkje "sjokolade meir/mindre".

Det vi ser her, er ikkje ei nødvendig grammatisk endring. Men vi ser at det ligg eit latent potensial i den grammatiske konstruksjonen som gjer at grammatikken til enkeltpersonar eller enkelte språk- brukarar (dialektgruppen) vil kunne endre seg. Når språk endrar seg over tid, er det fordi det ofte er fenomen og konstruksjonar som kan forståast og ana- lyserast på ulike måtar. Dersom tilstrekkeleg mange tolkar og brukar ein konstruksjon på ein ny måte, har ein fått ei språkending. Når fleire og fleire seier "berte/bærte" og "skjerte/skjærte" (svak bøyning) i staden for "bar" og "skar" (sterk bøyning), er det fordi desse verba liknar på verbet "lære" og alle verb som endar på -ere, som jo er svake – og enklare å lære. Ein kan irritere seg over språkendingar, eller ein kan prøve å forstå korfor dei skjer, og kva som eventuelt utløyser dei. Men ein ting er sikkert, det er i alle fall betre med sjokolade enn med "skjøttaker".

JENS HAUGAN
Hamar